

Dikt og bilete til oppmuntring

Denne vesle boka kom ut i fjor, men ho er så flott og ho har fått så god mottaking og betydd så mykje for så mange, at ho fortener ein omtale om det enn er i seinaste laget. Boka er lita og enkel etter sitt ytre og sitt omfang – sjølv om ho ytre sett også er fin å sjå til, men etter sitt innhald har ho kvalitetar som gjer at mange vil ha glede av henne. Boka har vorte til på ein spesiell måte, og det står to kvinner bak som begge har lik del i at boka er som ho er, men då på ulikt vis. Det er forresten også ei kvinne, Elisabeth Vikeså, som står bak den gode utforminga av boka.

Synnøve Grøtteland Helland bur i Bjerkreim og er naturfotograf – og ho kan tydelegvis sitt fag. Boka inneheld berre flott naturbilete. Marit Rui frå Sem fekk i 2005 diagnosen ME, og då byrja ho å få dikt. Dikta opplevde ho som Guds gåve. Etter kvart fekk desse to damene kontakt med kvarandre på Facebook, og der fekk lyrikaren sjå naturfotografen sin bilete. Det førte til at ho fekk budskapar i dikt til fleire bileta.

Lyrikaren og fotografen kjende ikkje kvarandre, og etter som eg har forstått, har dei aldri møttest ansikt til ansikt. Det var nettet som førte dei saman, og resultatet vart bok. Slik sett har denne vesle boka ein svært spesiell bakgrunn, og utgjevarane opplever det som at dei ved dette har gått i ferdiglagde gjerningar frå Gud.

Bileta er skarpe og flotte, og alle dikta står nært til bileta, og saman formidlar dei ein budskap. Dette er i stor grad ein budskap om vår store Gud og hans veldige omsorg, og med det er boka i hovudsak til oppmuntring og trøyst – og mange vitnar at boka har vore til hjelp for dei. Dei fleste dikta er kort, gjerne på eitt vers. For den som er språkleg medviten, er det litt irriterande at nokre ord som skal skrivast som eitt ord, er skriva som to – slik som junisol, frosttunge, orkesterplass.

Dette er ei bok som høver godt som ei lita helsing eller gåve i ulike samanhengar. Vi tek med eit kort vers med tittelen "Skyggen":

Når skyggene faller

på høylys dag

og stien

blir mørk å gå.

Vet jeg

at uten sola,

kan ikke

skyggen meg nå.

Johannes Kleppa

Marit Rui/Synnøve Grøtteland Helland

I Ditt Lys

lb. 71 sider

Eige forlag